

Kontrollutvalet i Voss herad

Heradsstyret i Voss herad

Rapportering frå revisor knytt til forenkla etterlevingskontroll av etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltinga knytt til gjeldsforvalting.

Kontrollutvalet handsama i sak 19/2026 rapport frå revisor knytt til forenkla etterlevingskontroll av Voss herad si etterleving av føresegner og vedtak i økonomiforvaltinga knytt til gjeldsforvalting. I samsvar med vedtaket i kontrollutvalet vert rapporten frå revisor sendt over til orientering for heradsstyret.

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i saka:

KU - 19/26 Vedtak

«Kontrollutvalet viser til rapportering frå revisor etter gjennomføring av forenkla etterlevingskontroll av Voss herad si etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltinga knytt til gjeldsforvalting.

Rapporten gjeld kontrollar innanfor perioden 2024-2025.

Revisor har, basert på dei utførte kontrollhandlingane og innhenta informasjon, ikkje blitt merksam på tilhøve som gjev grunn til å tru at Voss herad ikkje har etterlevd gjeldande regelverk knytt til gjeldsforvalting i finansreglementet.

Kontrollutvalet tek til vitande at revisor har gitt ein konklusjon utan atterhald i sin attestasjonsuttale.

Resultatet av etterlevingskontrollen og kontrollutvalet sitt vedtak skal sendast over til orientering for heradsstyret.»

21. august 2026

Richard Nesheim
sign.
sekretær for kontrollutvalet

Vedlegg:

1. Rapport frå revisor knytt til forenkla etterlevingskontroll: Finansreglement, gjeldsforvalting
2. Attestasjonsuttale frå revisor om etterleving av føresegner og vedtak i økonomiforvaltninga

Kopi:

- Rådmann
- Ordførar